

---

Saknr:	2020/72402-3
Saksbehandlar	Heidi Rosendahl
Dato:	Lindebotten 30.04.2021

---

---

**Til:** Hovudutval for samferdsle og mobilitet

---

**Frå:** Fylkesdirektør for mobilitet og kollektivtransport

---

## Innfartsparkeringsanlegg - bruk til andre føremål

### Bakgrunn

Våren 2021 har det kome tre ulike førespurnader frå Bergen kommune og Bildeleringen om å nytta nokre fylkeskommunale innfartsparkeringsplassar i Bergen kommune til andre føremål enn innfartsparkering. Denne saka er ei orientering om førespurnadane og ei vurdering av dei.

### Bubilparkering sommaren 2021 på Birkelandsskiftet

Bergen kommune har behov for areal til bubilparkering sommaren 2021. Kommunen ønsker areal i nærleiken av eit kollektivknutepunkt, primært ved Bybanen. Fylkeskommunen har foreslått at bubilar kan parkerast på Birkelandsskiftet terminal då dette innfartsparkeringsanlegget har mykje ledig kapasitet. Det er ikkje mogleg for bubil å køyre inn i parkeringshuset, men bubilane kan nytta innfartsparkeringsplassane på utsida av bygget. Desse er det Bergen kommune som eig. Fylkeskommunen har ingen motførestillingar mot at dette arealet vert nytta til bubilparkering.

### Prøveprosjekt med bildeletenester på Nesttun og Birkelandsskiftet

Bildeletenesten Bildeleringen har kring 3000 privat- og bedriftsmedlemmar i Bergensområdet og kring 300 bilar plassert på over 80 stader i Bergen. Det store fleirtalet av bilane er plassert i Bergen sentrum, men Bildeleringen har i nyare tid også utvida tilbodet til nokre sentrale plassar utanfor sentrum. Bildeleringen har teke kontakt med Skyss og Vestland fylkeskommune med ynskje om eit prøveprosjekt der det vert sett ut bilar på utvalde innfartsparkeringsanlegg utanfor sentrum. Innfartsparkeringsanlegga som er aktuelle for Bildeleringen er parkeringshusa på Nesttun og Birkelandsskiftet, med høvesvis fem og ti plassar. Bildeleringen ynskjer å gå i gong med prøveprosjektet allereie sommaren 2021. Dersom prosjektet vert vellukka ynskjer Bildeleringen å gjera ordninga permanent. Det vil i den samanheng vere aktuelt å setje ut bilar også på andre innfartsparkeringsanlegg.

### Prøveprosjekt elsparkesyklar Åsane terminal

Bergen kommune innførte i 2020 eit pilotprosjekt i Bergen sentrum for å innhente kunnskap om korleis kommunen best kan regulere frittflytande mikromobilitetstenester. Kommunen har våren 2021 teke kontakt med Skyss for å utvida pilotprosjektet til Åsane. Kommunen ynskjer tilmålt plass til elsparkesyklar nær Åsane terminal, anten på sjølv terminalanlegget eller på innfartsparkeringsplassar i direkte nærleik til terminalen. Pilotprosjektet er tenkt å starte sommaren 2021 og skal vare kring eitt år. Det vert lagt opp til ei evaluering i etterkant av pilotprosjektet.

### Konklusjon

Fylkesdirektøren vil innleiingsvis orientere om at arbeidet med ny strategi for innfartsparkering er i rute og vil bli sendt til politisk handsaming hausten 2021. Førespurnadane frå Bergen kommune og Bildeleringen vert vurdert å ikkje vera i motstrid med strategien.

Fylkesdirektøren er positiv til at ledig kapasitet på innfartsparkeringsanlegg vert nytta til andre føremål. Fylkesdirektøren meiner det er eit godt grep at bubilar får tilmålte plassar utanfor Bergen sentrum, nær Bybanen, og at Birkelandsskiftet terminal er ein fornuftig plass for dette.

I pågåande revidering av kollektivstrategi set ein nye mål om å tilby ein komplett reisekjede frå der ein er til dit ein skal. Det inneber å planlegge for og legge til rette for kombinert mobilitet og saumlause reiser. Kombinert mobilitet er mobilitet på tvers av ulike transportformer, og i dette inngår blant anna elsparkesyklar og bildeletenester. Ein føresetnad for saumlause reiser er at det vert etablert fysiske mobilitetsknutepunkt nær kollektivtransport med høg frekvens. Enkelte stader vil dette konkurrere med innfartsparkeringsanlegg lokalisert i sentrumsområde, i dette tilfellet Åsane terminal og Nesttun. Innfartsparkeringsanlegga på Nesttun og Åsane terminal er godt brukt og har høvesvis 92-98% og 100 % belegg. Fylkesdirektøren meiner det er viktig å starte arbeidet med å leggja til rette for mobilitetsknutepunkt, og anbefaler derfor at nokre få innfartsparkeringsplassar vert omgjeve dette føremålet.

Fylkesdirektøren ynskjer at prøveprosjektet til Bildeleringen vert evaluert før ein eventuelt opnar opp for ei permanent løysing.